



OSELVARKLUBBEN

Referat frå Årsmøte i Oselvarklubben 25. november 2001

Årsmøte i Oselvarklubben for 2001 vart halde i Mildenøstet søndag 25. november 2001.

Tilstade: 14 personar, 13 godkjende medlemmer.

Leiar Kjell Totland opna årsmøtet kl. 16.05 og ynskte dei frammøtte vel møtt.

A. Godkjenning av frammøtte medlemmer

13 av dei 14 frammøtte var godkjende medlemmer av Oselvarklubben. Nils-Ove Nipen hadde medbrakt fullmakt til å røysta for Milde Båtlag sine stemmer.

B. Godkjenning av innkallinga

Det var ingen merknader til innkallinga

C. Sakliste (i fylgje § 6 i Lover for Oselvarklubben):

Sak 1. Årsmeling 2001

Kjell Totland gjekk i gjennom årsmeldinga ved å lesa opp overskriftene og spørja om det var nokre merknader.

Det vart etterlyst om Oselvarklubben i framtida kjem til å publisera ting på internett, til dømes resultatlistar, klassereglar og løpande oversyn over rankingpokalane. Svaret her var at styret ikkje har konkrete planar om dette, men at det har vore drøfta i styret og er absolutt ein ting som bør gripast fatt i.

Det var ingen andre merknader til årsmeldinga.

Årsmeldinga vart enstemmig godkjend og vedteken. Styret fekk ros for godt arbeid med årsmeldinga.

Sak 2. Årsrekneskap 2001

Kasserar Kjell Milde gjekk i gjennom regnskapet som synte eit gledeleg overskot på nærare 7500 kr. Vidare las Kjell Totland opp revisors beretning som konkluderte med at rekneskapen gav et riktig bilde av Oselvarklubbens økonomi for 2001 og at rekneskapen kunne tilråast godkjent.

Årsrekneskapen vart enstemmig vedteken og styret vart gitt rekneskapsfridom.

Sak 3 Framlegg frå styret

Sak 3. a) NM 2002

Til årsmøtet hadde styret kome med fylgjande framlegg:

«NM i oselvar 2002 seiles i klasse Oselvar Spriseil. I etterfølgende år seiles også NM i denne klassen.

Dette hindrer ikke at et fremtidig årsmøte kan vedta at NM et år skal seiles i en bermudaklasse dersom aktiviteten i klassen skulle utvikle seg slik at kravet om opprettholdelse av NM-status kan oppfylles med sikkerhet.»

Ordskiptet før avstemminga synte at det er stor vilje til i framtida å få arrangert Oselvar-NM i klasse K, 10-kvm. Men at klassen må gjennom deltaking dokumentera at den fortener NM-statusen.

Styret sitt forslag vart vedteke med 12 røyster for og 2 røyster mot.

Sak. 4. Inkomne framlegg

Det var ikkje kome inn nokon framlegg til handsaming.

Sak. 5. Val

Valgkomiteens leiar, Finn Totland fekk ordet og orienterte om at valgkomiteen ikkje hadde hatt noko å gjera så dersom det ikkje var nokon som motsette seg det, ville alle som har verv i Oselvarklubben verta gjenvalgt. Det var ingen som hadde motførestillingar mot dette.

Dette vil seia fylgjande samansetning i 2002

Styret:	Leiar:	Kjell Totland
	Nestleiar:	Knut Olaf Pedersen
	Skrivar:	Kjell Magnus Økland
	Kasserar:	Kjell Milde
	Styremedlem:	Terje van der Meeren
	Styremedlem:	Reidar Kausland
	Varamedlem:	Svein Økland

Revisor: Egil T. Pedersen

Målekomite: Kjell Totland
Finn Totland
Jan-Erik Christophersen
Stein Olav Drange
Svein Økland

Bokkomite: Finn Totland
Knut Olav Pedersen
Kjell Milde
Kjell Magnus Økland

Valkomite: Finn Totland
Nils O. Sandtorv

Etter valet signaliserte leiar Kjell Totland at dette vert siste året han tek på seg leiarvervet i Oselvarklubben.

Møtet vart heva kl. 17.25

Allègaten 40, 27.11.2001
Kjell Magnus Økland
Skrivar